

# Referat frå årsmøtet til Varhaugbuen 2019

Årsmøtet vart halde i lokala i misjonshuset 18/5-2020, kl 19.00.

## Desse møtte:

<i>Björg Reime Håland</i>	<i>Varhaug bygdekvinnelag</i>
<i>Brit Obrestad</i>	<i>Vennelaget for Lerbrekk skule/styret</i>
<i>Jon Harald Håland</i>	<i>Varhaug bedriftsforening/styret</i>
<i>Per-Arvid Jakobsen</i>	<i>Varhaug misjonshus/styret</i>
<i>Astrid Skretting</i>	<i>Vennelaget for Lensmannsløa</i>
<i>Liv Hobberstad</i>	<i>redaktør</i>
<i>Eli Aanestad</i>	<i>Varhaug bygdekvinnelag</i>
<i>Harald Aanestad</i>	<i>bladbud/observatør</i>
<i>Klara Reime Ueland</i>	<i>Varhaug pensjonistlag/observatør</i>
<i>Sigbjørn Varhaug</i>	<i>Vennelaget for Lerbrekk skule</i>
<i>Oddbjørn Lerbrekk</i>	<i>invitert</i>
<i>Thomas Vagle</i>	<i>Varhaug bondelag</i>
<i>May Helen Skrettingland</i>	<i>Svala 4H</i>
<i>Aud Håland</i>	<i>bladbud/observatør</i>
<i>Ole-Kristian Ødegård</i>	<i>Varhaug bygdeungdomslag/styret</i>
<i>Jesper Lerbrekk</i>	<i>Varhaug bygdeungdomslag</i>
<i>Mindor Håland</i>	<i>bladbud/observatør</i>

Jon Harald Håland ynskte alle velkomen og opna møtet. Han ønskte Oddbjørn Lerbrekk Per-Arvid førte dei fram møtte i protokollen ved at dei skreiv seg på eit ark ved døra som var ein oversikt laga med tanke på mulig corona-oppfølging.

## Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Samrøystes godkjend.**
2. Val av møteleiar og referent  
**Jon Harald vart vald som møteleiar og Per-Arvid som referent..**
3. Val av to til å underteikna møteboka saman med møteleiaren  
**Jesper Lerbrekk og Sigbjørn Varhaug**
4. Årsmeldinga for bladet  
Jon Harald gjekk gjennom og leste opp årsmeldinga.  
**Samrøystes godkjend.**
5. Rekneskap for bladet  
Kasserer Brit Obrestad gjekk gjennom rekneskapet. Hun leste også opp revisjonsrapporten  
**Samrøystes godkjend.**
6. Innkomne saker  
Det var ingen innkomne saker. Men det vart reist spørsmål om kor sauene og følet utafør rådhuset hadde tatt vegen. Og Liv Hobberstad sa litt om det, og sidan dei

ikkje «passa inn» i den nye leikeapparatparken, vart dei lagra på klokkgården. Ein håpar dei kan koma tilbake for ungane syns dei var kjekke å sitja på.  
Hun nemnte vidare at neste nummer av Varhaugbuen no var klar for trykking, og sjølv om dei fleste aktivitatane hadde stoppa opp grunna Corona-pandemien, vart det likevel mykje bra stoff og eit tjukt blad på 40 sider.

#### 7. Val av styre

Det vart bemerkta at styremedlem i post A, B og C vert vald av organisasjonane og årsmøtet berre godkjenner, medan D og E vert valde av årsmøtet, dette året posisjon E.

<b>A. Ole Kristian Ødegård</b>	<b>BU</b>	<b>- attvald for 2 år</b>
B. Eli Ånestad	Varhaug bygdekvinnelag	- ikkje på val
<b>C. Asle Haukland</b>	<b>VBF</b>	<b>- vald for 2 år</b>
D. Brit Obrestad	Vennelaget Lerbrekk skule.	- ikkje på val
<b>E. Per-Arvid Jakobsen</b>	<b>Misjonshuset</b>	<b>- attvald for 2 år</b>

*Merk: Styreverv vil verta fordelt på konstituerande styremøte som vert 25. mai.*

#### 8. Val av varamenn til styret

- 1.vara Astrid Skretting (Vennelaget for Lensmannsløa) vart vald for 1 år**  
**2.vara Ingvar Reiestad (Vennelaget Lerbrekk skule) vart vald for 1 år**

#### 9. Val av 2 revisorar

**Irene Hobberstad og Rune Odland vart attvalde.**

Dermed var årsmøtet gjennomført.

Det var lagt opp til enkel servering og bruk av eingongsservice i papp og plast. Mat var pizza og drikke var både kaffe, te og boksar med brus.

Så var det Oddbjørn Lerbrekk som fekk ordet. Han skilja med ord og bilete på storskjerm dei hendingane han opplevde for 40 år sidan då Alexander Kielland-plattformen gjekk rundt. Han var god til å fortelja om dei dramatiske timane han som 25-åring var med på, og tida etterpå. Og fleire granskingar utan at årsaka til havariet kom fram. Veldig bra og spanande å følgja med på.

Liv Hobberstad takka Jon Harald som går ut av styret etter 15 år. Han fekk ein liten bukett blomster- og ein større bukett skulle koma litt seinare.

Jon Harald Håland takka for seg. Og meinte det hadde vore gilde år med mykje skryt av bladet. Mange har gitt uttrykk for at det har vært kjekt å sjå kva som rører seg i ei aktiv bygd. Og dette var i tråd med den grunnleggjande ideen bak bladet. Utfordringa er å kunne møte dei unge på ein god måte slik at dei finn interessante ting i bladet. Han oppfordra til ein god klapp for Liv som på ein god måte hadde stått på for Varhaugbuen i alle åra.

*Ref.: Per-Arvid Jakobsen*

---

Jesper Lerbrekk

---

Sigbjørn Varhaug

---

Jon Harald Håland